



## Referat frå kommunemøte 14. desember 2023

**Deltakarar:** Kommunane, UDI, IMDi, Vest pd, Vestland fylkeskommune, Helse Bergen

**Ikkje til stades:** Haraldsplass diakonale sjukehus, Helse Fonna, Helse Førde, Sivilforsvaret, Aurland, Fedje, Fjaler, Hyllestad, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Sogndal, Stord, Sveio, Tysnes, Ulvik, Årdal

### Innhald

1. Innleiing .....	1
Kort orientering om tryggleikspolitisk situasjon og status ved atomkraftverk i Ukraina.....	1
Orienteringssaker frå Statsforvaltaren.....	2
Mediehandteringskurs 2024 .....	2
Øving med kommunar - totalforsvarsøving .....	2
Utsending av naturfarevarsel og snøskredvarsel .....	2
Jula 2023.....	2
Møteserie våren 2024 .....	2
Ti sårbarheiter i norske IKT-system (NSM temarapport) .....	3
2. Orientering frå UDI v/Njård Håkon Gudbrandsen.....	3
3. Orientering frå politiet v/ Kristi Fürstenberg og Frode Hersvik .....	3
4. Orientering frå IMDi v/ Katrine Vidme.....	3
5. Om flyktningar som kjem til kommunar utan asylregistrering .....	4
6. Avtale med hotell – evakuering- og pårørandesenter (EPS) .....	5
7. Psykososial beredskap (Helse/beredskap) .....	6
8. Eventuelt .....	6

### 1. Innleiing

#### Kort orientering om tryggleikspolitisk situasjon og status ved atomkraftverk i Ukraina

Vår vurdering av situasjonen i Ukraina er i hovudsak den same som før; det er ikkje noko som tyder på ei snarleg avgjerd verken militært eller på den diplomatiske fronten.

Den amerikanske tenketanken ISW (Institute for study of war) skreiv denne veka at amerikansk etterretning meiner at dei russiske operasjonane i Aust-Ukraina i haust, og som sannsynlegvis vil halde fram utover vinteren, først og fremst tar sikte på å svekke den vestlege støtta til Ukraina. Så langt har offensivane truleg gitt svært store tap på russisk side, og ingen operative gevinstar av betydning.

Det kan sjå ut som om det i ein del vestlege land er ein mindre vilje til å støtte Ukraina no enn tidlegare i krigen. Det gjeld ikkje minst på høgresida i USA, der det er eit aukande ønske om å konsentrere seg om eigne problem. For Putin kan det gje håp.



For Noreg og dei andre nordiske landa er viljen til å støtte Ukraina framleis svært sterk. Det vitna toppmøtet mellom president Volodymyr Zelenskyj og stats- og regjeringssjefane i Finland, Danmark, Island, Sverige og Noreg i går om.

### Orienteringssaker frå Statsforvaltaren

#### Mediehandteringskurs 2024

Vi har i tidlegare informert om at vi ønskjer å gjennomføre mediehandteringskurs, primært for ordførarar. Det var god respons i Formskjemaet som vi sendte ut etter førre kommunemøte så vi går vidare med dette.

Av datoane vi føreslo, fekk vi best respons på 13.-15. februar. Vi vil difor invitere til kurs dei dagane i dei nye lokala våre i Motorhallen ved Danmarks plass i Bergen.

Vi vil leige inn eit profesjonelt kommunikasjonsbyrå til å halde kurset, som vil ha hovudvekta på praktisk medietrening med intervju/kamera. Vi held på å spikre detaljane kring dette, m.a. kostnadar for deltakarane, og vil sende ut ein invitasjon. Vi sender dette direkte til ordførarane og kommunedirektørane.

*Innspel frå KS i møtet: KS arrangerer kommunalpolitisk toppmøte og landsting 12. – 14. februar.*

*Statsforvaltaren vil difor på nytt sjå på datoar for mediehandteringskurs og kome tilbake med ev. nye forslag til dato.*

#### Øving med kommunar - totalforsvarsøving

I mai i år hadde vi ei øving saman med 17 kommunar, med eit scenario med totalforsvarstema. Det kom gode tilbakemeldingar på den, og onsdag 13. mars ønskjer vi difor gjennomføre tilsvarende øving med andre kommunar. Vi vil invitere Gloppen, Askøy, Bremanger, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvam, Kvinnherad, Samnanger, Stord, Tysnes og Stryn til å delta. Vi ber om tilbakemelding på om kommunane kan delta då.

Øvinga vert gjennomført digitalt, der kommunane øver frå eigne lokalar, med representantar frå sivilforsvaret, politiet og forsvaret med i øvingslokalet der det er mogleg. Vi har og med oss desse aktørane i øvingsstaben og vi syter for å organisere dette. Vi kjem tilbake med meir informasjon til dei aktuelle kommunane.

#### Utsending av naturfarevarsel og snøskredvarsel

Med utfasinga av CIM har vi måtta legge om systemet vårt for oppdatering av kontakt- og distribusjonslister.

Vi kjem difor til å bruke beredskapsadressene i kommunane når vi sender ut naturfarevarsel, snøskredvarsel og varsel om EKOM-utfall.

#### Jula 2023

Statsforvaltaren er tilgjengelege på beredskapsadressa og vakttelefonnummeret heile jula. E-post: [sfvlberedskap@statsforvalteren.no](mailto:sfvlberedskap@statsforvalteren.no) Vakttelefon: 916 99 098.

#### Møteserie våren 2024

Vi vil halde fram med faste beredskapsmøte også etter jul, med møte ein gong i månaden. Første møte vert torsdag 18. januar kl. 13.30, og deretter 8. februar kl. 13.30. Vi sender ut ein kalenderinvitasjon for januar og februar i etterkant av møtet.



Ti sårbarheiter i norske IKT-system (NSM temarapport)

Vi vil nytte høvet til å minne om noko NSM har vore veldig tydelege på, nemleg at jule- og nyttårshelga er høgsesong for forsøk på digital utpressing, phishing og andre digitale angrep.

NSM har publisert ein temarapport som heiter «Ti sårbarheter i norske IKT-systemer»: [Ti sårbarheter i norske IKT-systemer - Nasjonal sikkerhetsmyndighet \(nsm.no\)](https://nsm.no).

I den står det mellom anna at NSM erfarer at norske verksemder har auka merksemd på digital tryggleik, men at dei gjennom inntrengingstestar ser at det er dei same sårbarheitene som går igjen år etter år. Rapporten listar opp dei ti vanlegaste sårbarheitene og gir råd om korleis dei kan handterast.

Vi tilrår å lese temarapporten og sjå om de er noko de kan gjere med dei 10 sårbarheitene. Vi legg lenkje til rapporten ved i referatet.

## 2. Orientering frå UDI v/Njård Håkon Gudbrandsen

Per 11. desember 2023 er det registrert 34709 søknadar om kollektiv beskyttelse, og totalt 71280 sidan februar 2022.

I Vestland er det oppretta eit nytt ordinært mottak på Radøy tunet i Alver kommune (150 plassar). Mottaket har fyrste driftsdato 7. januar 2024.

UDI har tre ulike scenario for tilstrøyming av flyktingar – *lågt scenario*, *mellomscenario* og *høgt scenario* i 2024. Planlegginga tar utgangspunkt i eit mellomscenario (25 000 - 45 000 flyktingar), og det er truleg nedre del av det som er mest aktuelt.

Frå 1. januar 2024 vert det gjort gjeldande fleire endringar i regelverket, t.d. at ukrainarar som reiser til heimlandet kan risikere å miste opphaldsløyve. Inntil no har det vore unntak frå denne regelen for ukrainarar med kollektiv beskyttelse. Vi viser elles til UDI sin presentasjon som ligg ved referatet for oversyn over fleire av endringane.

Avtalen mellom UDI og Scandic Kokstad går ut seinast 30. desember 2023. Vest politidistrikt og UDI logistikk/UDI region Vest planlegg for ei handterleg avvikling.

## 3. Orientering frå politiet v/ Kristi Fürstenberg og Frode Hersvik

Politiet viste til mange av dei same punkta UDI tok opp, m.a., endringane i regelverket for fordrivne frå Ukraina som trer i kraft frå 1. januar 2024. Frå og med 1. januar 2024 er det berre privatbuande som kan registrere seg på dei desentraliserte registreringsstadane, alle andre skal gjennom nasjonalt ankomstsenter på Råde. Politiet skalerer difor ned aktiviteten på Kokstad, men vil likevel vere til stades framover og i dialog med UDI syte for ei smidig nedskalering.

## 4. Orientering frå IMDi v/ Katrine Vidme

Tal frå 14. desember er 32 200 busette nasjonalt, med ca. 930 busett kvar veke. For Vestland er talet 2 797, og 384 som er planlagt busett og på veg til kommunane. Dei fleste som vert busett er frå Ukraina.

Måлтаlet for 2024 er 37 000 flyktingar. IMDi har god dialog og eit godt samarbeid med kommunane, KS og fylkeskommunane, og har gitt tilrådingar om kor mange som skal busetjast i dei enkelte kommunane.

IMDi har sendt ut anmodningsbrev for 2024 til kommunane, med frist 25. februar 2024.



Det vert rapportert om høg busetjingsvilje i kommunane, men òg om utfordringar. Det handlar m.a. om å få flyktningane i arbeid etter introduksjonsprogram og å finne eigna bustad. Utfordringane som kommunane melder om er løfta til nasjonalt nivå.

For 2023 blei det gitt eit ekstraordinært tilskot for busetjing på 50 000,- kroner for kvar flyktning ut over det talet som kommunane vart oppmoda om. I samband med tilskotet vert kommunane oppmoda om å undersøke om alle busette er registrert som det.

Det skal vere ein fagkonferanse om busetjing i Bergen den 12.-13. februar 2024. Lenkje til fagkonferansen finn de [her](#)

Nyinorge.no er ein viktig portal som kommunane kan sjå til for informasjon. Sida blir oppdatert fortløpande.

### 5. Om flyktningar som kjem til kommunar utan asylregistrering

Ein av kommunane har spurt om rutinar og ansvar for tuberkulosescreening og helseundersøking for personar som kjem til Noreg på eiga hand, anten som gjestearbeidarar eller på besøk til familie og vener.

Vi har vore i kontakt med UDI om dette, og oppfattar at det kan dreie seg om ulike problemstillingar. Vi ønsker på denne måten å dele svaret med alle kommunane:

1. Ein person kjem til landet og registrerer seg som asylsøkjjar. Det er i hovudsak registreringsstaden som då utfører tuberkulosescreening. UDI har vore i kontakt med Vest politidistrikt og Sør-Vest politidistrikt, som opplyser at dei informerer neste kommune ved å sende melding om flyktning som er komen, og som er på veg til kommunen personen skal opphalde seg i etter ankomst (kommune 1). Det vert ikkje utført tuberkulosescreening på Jæren. Status på tuberkulosescreening skal gå fram av klistrelapp på asylkort. I dei tilfella der personar registrerer seg hjå politiet utan at det vert gjennomført tuberkuloseundersøking, skal politiet sende ei melding til «neste kommune» (kommune 1), slik at tuberkuloseundersøking kan gjennomførast der. I dei tilfella der det vert gjennomført tuberkuloseundersøking, men personen vert send vidare før prøvesvar ligg føre, skal det gå melding frå kommunehelsetenesta der vedkomande gjennomførte testen, og til kommunehelsetenesta der vedkomande oppheld seg (kommune 1).
2. Dersom personen reiser vidare på eiga hand frå kommune 1 til andre kommunar, kjenner vi til at det er utfordringar med rutinar for kommunikasjon mellom kommunar rundt dette. Status på tuberkulosescreening skal då gå fram av opplysningar på asylkort. Som hovudregel skal dette vere gjennomført ved registrering, eller av kommune 1.
3. Dersom ein person kjem til landet utan å registrere seg, eller kjem på turistvisum, er det ingen statlege instansar som fangar opp vedkomande. Desse vert først registrert når dei oppsøker Nasjonalt ankomstsenter, eller andre registreringsstader, for asylregistrering. Politiet skal då informere neste kommune om dette, jfr. punkt 1. Det same gjeld ansvar for tuberkulosescreening. I utgangspunktet er det personen sjølv som er ansvarleg for å oppsøkje registreringsstad for å søkje om asyl/kollektivt vern.
4. Personar som oppheld seg i landet utan å søkje om asyl/kollektivt vern, og som skal vere i landet i mindre enn 3 månader (t.d. på turistvisum eller mellombels arbeidsløyve), pliktar ikkje å framstille seg for tuberkuloseundersøking.

Det vil vere nyttig å få tilbakemelding til beredskapsadressa vår om følgjande:



- Omfanget av personar som ikkje registrerer seg, og/eller de ikkje får opplysningar om at personar som oppheld seg i kommune 1 har søkt om asyl/kollektivt vern.
  - Omfanget av personar frå Ukraina som oppheld seg i landet utan å registrere seg, og som dermed ikkje får utført tuberkulosescreening.
  - Omfanget av personar frå Ukraina som i utgangspunktet planlegg å opphalde seg i landet i mindre enn tre månader, men som vel å søkje om asyl/kollektivt vern når denne perioden er over.

UDI er merksam på problemstillinga etter tilbakemeldinga frå kommunen som tok kontakt med oss. Vi vil vurdere om det er naudsynt å ta opp problemstillinga igjen med kommunane i forkant av neste vår/sommarsesong.

### 6. Avtale med hotell – evakuering- og pårørandesenter (EPS)

Vi har fått eit spørsmål om beredskapsavtale med hotell om evakuering- og pårørandesenter. Vi kjenner ikkje til om det finnast ein mal for slike avtaler.

Vi sendte ut nokre spørsmål saman med oppdatert møteinnkallinga i går:

- Kva er praksis hjå kommunane med tanke på beredskapsavtalar med hotell og andre eigarar av aktuelle bygg? T.d. plikter og rettigheter ved ein situasjon der ein treng lokale til EPS, KO, andre akutte behov.
- Og kva er riktig pris å betale for at eit hotell skal stå på lista til kommunane?
- Satsar ein på ein god avtale med 1-2 objekt, eller har ein eit stort register av tilbydarar?

#### **Bergen kommune:**

Bergen kommune har avtale med ein hotellkjede og to av deira hotell. Prosessen som resulterte i valte hotell vart gjort gjennom ein anbodskonkurranse tidlegare i vinter. Det blei på førehand laga ein kravspesifikasjon over dei funksjonane hotellet måtte oppfylle, blant anna EPS, innkvartering av akutt huslause og karantenehotell.

Eit av krava er at hotellet, som EPS, må kunne stillast til disposisjon innan éin time, i tillegg til å kunne servere enkle matrettar. Til saman har hotellet disponibelt 80 rom på noverande avtale.

Bergen kommune må betale årlege kostnadar til hotellet for avtalen, i tillegg til kostnadar knytt til bruk av hotellet. Det eksisterer og ein avtale med eit vektarfirma som kan hjelpe ved behov.

Askøy skreiv i chat at dei har fellesavtale med Bergen kommune, og hotell vert rekvirert via Samfunnssikkerhetens hus.

Kravspesifikasjonen som Bergen kommune har utarbeidd ligg som vedlegg til referatet.

#### **Voss kommune:**

Voss har nyleg delteke på ein EPS-fagdag i regi av politiet, der ein m.a. gjekk gjennom det juridiske (kven har ansvaret for kva).

Kommunane kan ha ein EPS-avtale med fleire hotell, i tilfelle eit hotell seier nei til å nytta det som EPS den dagen det måtte bli behov. Eit anna alternativ er å ha avtale med eitt hotell, og utarbeide ein meir detaljert kravspesifikasjon.

#### **Gloppen kommune:**



Har ein uformell avtale om å nytte hotell som EPS. Er hotellet fullt kan det gå litt tid å gjere det klart til bruk, men kommunen har ein god dialog med hotellet om dette gjennom året. Kommunen har t.d. god dialog med hotellet gjennom jula med tanke på opningstid og liknande. Kommunen betaler for bruk av hotellet.

### 7. Psykososial beredskap (Helse/beredskap)

Vi har publisert ein artikkel på nettstaden vår som vi legg ved referatet, om psykososial beredskap og oppfølging. Evakueringa frå Gaza av personar med tilknytning til Noreg, har igjen aktualisert behovet for psykososial beredskap. Vi oppmodar kommunane om å ha merksemd på å tilby psykososial støtte og oppfølging i akutte situasjonar, for å førebygge og avhjelpe allereie oppståtte traume.

Vi oppmodar òg om at de ser på kva de har behov for i dykkar kommune og tenkjer gjennom samansetjinga av kriseteama. Gjer vurderingar om kriseteama har den nødvendige kompetansen til å handtere t.d. statsborgarar frå Gaza eller flyktningar frå Ukraina. Gjer vurderingar på kor mykje teama blir brukt og kor lett informasjon om kriseteama er å finne på nettsidene dykkar.

Vi oppmodar kommunane om å legge ut informasjon på nettsidene sine om korleis tenestene er organisert og kvar innbyggjarane kan få psykososial oppfølging.

Vi er på tilbodssida for å ta psykososial beredskap inn som tema på neste kommunemøte eller lage eit eige temamøte på dette, der vi kan invitere inn Ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmondsførebygging (RVTS Vest). RVTS Vest kan snakke litt om kva dei kan tilby av rettleiing og ev. opprette eigne nettverk eller samlingar for leiarane av kriseteama.

Gi oss gjerne i tilbakemelding på kva de tenkjer og om det er aktuelt å ha dette som eit eige tema.

**Lenkje til vår artikkel “Kommunane har ansvar for psykososial beredskap og oppfølging”:**

[Kommunane har ansvar for psykososial beredskap og oppfølging | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](https://statsforvalteren.no)

### 8. Eventuelt

Neste planlagde kommunemøte vert torsdag 18. januar, kl. 13.30.

Statsforvaltaren ønskjer alle ei riktig god jul!